



Kjære barnehagetilsett

Trygg Trafikk er opptatt av at barn skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø. Derfor engasjerer vi oss i det viktige arbeidet de gjer i barnehagen. Kvar dag er barna trafikantar, på veg til og frå barnehagen, og når dykk bruker nærmiljøet til turar og opplevingar. Barn lærer gjennom erfaringar i sin eigen kvardag - lenge før dei kan gå og sykle åleine i trafikken. Derfor er det lurt å skape gode vanar tidleg.

For å hjelpe og støtte dykk i arbeidet med ein trafikksikker oppvekst har vi **Barnas Trafikklubb**. Mange kjenner kanskje att namnet på klubben og har vore medlemmer sjølv på eit tidspunkt. Det som er nytt no, er at klubben er spesielt tilpassa for barnehagen. Nesten alle barn går i barnehage, og det er her foreldre ofte diskuterer trivnad og tryggleik for sine barn.

Med **Barnas Trafikklubb** ønskjer vi å støtte dykk i arbeidet med å integrere trafikk på ein naturleg måte i årsplanen, foreldresamarbeidet og å hjelpe dykk i arbeidet med å nå måla i nyleg revidert rammeplan. Under fagområdet nærmiljø og samfunn står det no:

«Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforsker ulike landskap og blir kjent med institusjoner og steder i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdes trygt.»

Korleis kome i gang?

Barnas Trafikklubb inneheld alt du treng å vite om trafikk i barnehagen. Barnesida og foreldresida ligg opne for alle. For å melde inn barnehagen loggar du deg inn. Dette er sjølv sagt gratis!

Velkomen til Barnas Trafikklubb!

www.barnastrafikklubb.no

Med venleg helsing

Knut Olav Røssland Nestås

Distriktsleiar for Trygg Trafikk i Hordaland

Tel: (+47) 41 20 61 32

E-post: nestas@tryggtrafikk.no

